



Dyrskumedarbeidar!

Dyrsku'n er opptatt av miljøet og ynskjer difor gjennom nye retningslinjer å vere ein bidragsytar til eit naturleg kretsløp. Sjøppel er ei utfordring for kloden vår, men det er også ein ressurs om det blir handtert på rette måten. Med bakgrunn i dette starta Dyrsku'n Arrangement med kjeldesortering av avfall 1. juni 2019, noko som medføre nye rutiner for både publikum og andre involverte i arrangementet i september.

Vi har inngått samarbeid med Ragns-Sells AS, som er profesjonell aktør på handtering av alle typar avfall. Selskapet er sertifisert iht. internasjonale standardar for samfunnsansvar, miljøleiing, kvalitetsleiing og arbeidsmiljø.

Vi skal sortere i følgjande fraksjonar:

- Papp
- Plast
- Bioavfall
- Restavfall
- Pant

I tillegg skal vi sortere ut glass/metall og trevirke. Husdyrgjødsel vil som før bli skilt ut i eigne containerar.

Papp, plast, glass/metall og trevirke er det i hovudsak utstillarar og driftsapparat som må forhalde seg til.

Det publikum vil møte rundt på plassen under Dyrsku'n er bioavfall, restavfall og pant. Merk deg spesielt følgjande;

I BIOAVFALL SKAL:

Matavfall OG tallerkar, bestikk, pappbeger.

Dette blir frakta til eit anlegg i Vestfold kor det vert omgjort til biogass

I RESTAVFALL SKAL:

Aluminiumsfolie, bleier og anna type restavfall du kjenner frå privat hushaldning

Der det før stod ei søppelkasse, vil du nå finne to søppelstativ: Altså eit for bioavfall og eit for restavfall. Pantebeholdarar vil bli sett opp på dei fleste punkt der det er søppelstativ.

Det vil vere ulike farge på sekkane.

Det vil bli utarbeida kart over deponi, der fulle sekkar skal kastast. Kartet presenterast på stormøtet i august.

Samarbeidspartnerar og mannskap er viktige ambassadørar for denne nye ordninga. Vi oppmodar om å setje seg godt inn i nye retningslinjer og rutiner slik at vi er best mogleg rigga til å hjelpe publikum ved aktuelle spørsmål.

Takk for at du hjelper til med dette😊!